

Samrådsmøte for lokale forvaltingsorgan for villreinområda Hardangervidda, Nordfjella og Raudafjell.

Referat

Stad: Eidfjord, kommunestyresalen

Tid: onsdag 23.09.2020 kl. 11.00 – 13.15

Til stade:

Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet: Endre Lægreid (leder), Egil Rønning (sekretær)

Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell: Runar Tufto (leiar), Olav J Bøtun (nestleiar), Siri W. Bøthun (sekretær)

Hardangervidda villreinutvalg: Henning Poulsson (leiar), Svein Erik Lund (sekretær)

Villreinutvalet for Nordfjella: Sigmund Tveitehagen (leiar), Harald Skjerdal (sekretær)

Raudafjell villreinutval: Odd Ohnstad (leiar)

CWD-koordinator for kommunane i Nordfjella: Lars Nesse

På initiativ frå leiarane i villreinnemndene vart det kalla inn til eit samråingsmøte for villreinforvaltinga for Hardangervidda, Nordfjella og Raudafjell for å drøfte situasjonen me står oppe i etter oppdaginga av CWD på Hardangervidda. Møtet vart halde i Eidfjord, med påkopling gjennom Teams for deltakarar som ikkje hadde høve til å reise pga. lang veg.

Runar Tufto opna møtet, og ynskte velkomen. Dei to nemndene ga møtelyden nokre tema og peikte på målsettingar for møtet. Vidare var ordet ope, med ordstyring frå Runar Tufto.

Viktige fokus var å orientere kvarandre om dei grunnleggande oppfatningane til dei 5 organa som var samla, og å kome fram til kva me kan samarbeide om i dei vidare prosessane knytt til handteringa av CWD. Det vart henta fram erfaringar og historikk frå smittehandteringa i Nordfjella, samstundes som fokuset var framover i høve til kunnskapshenting, tiltak og strategiar.

Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet hadde kvelden før handsama spørsmålet om forlenging av jakttid med 14 dagar på Hardangervidda. Egil Rønning las opp vedtaket nemnda hadde gjort, der dei opna for 14 dagars forlenga jakt på Hardangervidda sør for Rv 7.

Harald Skjerdal oppdaterte møtelyden på status etter jakt i Nordfjella/Raudafjell. Det er prøveteke bra i høve målet i tal dyr, men for lite i høve målet på testing av bukk. Totalt kring 500 dyr, dvs. bør ikkje verte mindre av omsyn til genetisk bærekraft og med tanke på mogleg kjeldebestand for reetablering.

Det var semje om at faggrunnlaget det vert synt til som grunnlag for tiltaka som er føreslege og dels sett i verk no, inneheld mange usikre moment.

Særleg viktige spørsmål møtelyden meiner er sentrale i valet av strategi og tiltak:

- Har ein testa om det er mogleg å påvise prionsmitte i avføring, urin og spytt frå skrottar der ein har påvist smitte?
 - Dersom ja; kva er resultatet av testane?
 - Dersom nei: Det er pressande at dette vert gjort
- Svar på testinga av jordprøver er pressande å få fram
- Framhald av søk etter smittekjelde

- Vurdering av faren for smitte i Setesdal Ryfylke på bakgrunn av overlappende arealbruk med Hardangerviddastamma
- Nye vurderingar av smittehastigheit, tydeleg formidling av kor fort ein kan forvente at smitten spreier seg
- Kva kan ein hente ut av kunnskap om smittespreiing mellom populasjonar frå grenseområda mellom Nordfjella og tamreinen på Filefjell? Her har det vore eit «eksperiment» over mange år med høg bruk av grenseområda til seinvinter- og vårbeite for villreinen og utveksling av dyr begge vegar ved ei rekke høve.

Nokre grunnleggande føringar i val av tiltak framover:

- Dei to villreinnemndene og villreinutvalet for Nordfjella er klare på at dei ikkje ynsker vinterjakt. Hovudgrunnen er omsyn til dyrevelferd. Svei Erik Lund meiner at eit effektivt vinteruttak er meir skånsamt enn ekstra jakt.
- Den nye situasjonen syner at det er ikkje mogleg å verte kvitt CWD. Det gjer at me har betre tid til å tenke oss om denne gongen.
- Delbestanden i sone 2 må takast godt vare på, bør ikkje reduserast
- Det er viktig å gjære grundige vurderingar og tenke langsiktig. Det må ikkje gjerast bestemmingar grunna i hastverk
- Målet om reetablering i Nordfjella sone 1 må ikkje mistast av syne
 - Be om datofesting av nytt tidspunkt for møte i reetableringsgruppa, tidspunkt innanfor året
- CWD-tiltaka vil verte viktige for heile hjorteviltforvaltninga Norge framover
- Norge må setje seg i førarseite på forskning på CWD på reinsdyr og på CWD i Europa

Handling frå lokal forvaltings si side for å være tydelege aktørar i arbeidet framover:

- Arbeide for å løfte saka opp på politisk nivå
 - Søke hjelp for å få møte med LMD
- Pressemelding om samråingsmøtet, Egil og Siri setter opp et framlegg
- Så langt mogleg bør me spele på lag med Mattilsynet. Viktig korleis me formidlar våre budskap
- Bidra til at spørsmål me meiner er pressande vert inkludert i bestillinga til VKM
- Felles initiativ mot Miljødirektoratet og Mattilsynet, be om møte med dei der også VI skal kallast inn.
 - Understreke at møtet skal være lite i deltakartal og ha form som eit arbeidsmøte der det er avsett meir tid til dialog enn til førebudde presentasjonar
- Setje opp ei liste over fagspørsmål til VI
 - Innsendinga bør gå i kopi til pressa
- Være aktive mot anna hjorteviltforvaltning i Norge
- Bruke pressekontaktar aktivt
- Viktig at dei lokale forvaltingsorgana står saman i arbeidet framover

25.09.20 Siri W. Bøthun, Egil Rønning